

---

**Fra:** Ostereidet Bygdelaag <ostereidetbygdelaag@gmail.com>  
**Sendt:** 30. august 2016 09:10  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** Ordførar Lindås  
**Emne:** Innspel til ny idrettsplan  
**Vedlegg:** Innspel frå Ostereidet Bygdelaag til idrettsplan.docx

Hei,  
her er Ostereidet Bygdelaag sitt innspel til ny idrettsplan

Lindås kommune

27.08.2016, Ostereidet

## [Merknad frå Ostereidet bygdelaag til kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016 – 2024](#)

Ostereidet Bygdelaag viser til framlegg til kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016 – 2024, og nyttar med dette invitasjonen til å koma med ein tydeleg merknad til planen.

Bygdelaaget, som er ein organisasjon for heile skulekrinsen på Ostereidet, meiner at planen kjem med mange gode forslag på tiltak som kan fremja idretten, friluftslivet og aktiviteten hjå innbyggjarane i Lindås kommune. Planen er etter vår vurdering fagleg tung med omsyn på å presentera fakta og statistikk og i å koma med faglege vurderingar. Spesielt meiner bygdelaaget at Telemarkforskning sin rapport på ein framifrå måte viser kva utfordringar og forbetringar som er naudsynt om Lindås kommune skal få eit godt idrettstilbod og eit aktivitetsnivå på same nivå som kommunar me elles likar å samanlikna oss med!

Bygdelaaget er svært samd med hovudmålet som i planen på side 27 har følgjande ordlyd:

### HOVUDMÅLSETNAD:

*Visjonen «Idrett og fysisk aktivitet for alle» ligg til grunn for Lindås kommune sitt arbeid innan området idrett, aktivitet og friluftsliv.*

Bygdelaaget meiner på den andre sida at strategiane som er formulert i planframlegget ikkje fangar opp at Ostereidet-krinsen er eit lokalsenter i Lindås, og at det i dette oppvekstområdet, som både har barnehage, barneskule (127 elever) og ungdomskule (100 elever) manglar ein fleirbrukshall. Noverande situasjon er ein eldre gymsal frå 1975, på ca 200 m<sup>2</sup> som er alt for liten for alle dei aktivitetane ein i dag treng for å halda på med allsidige idrettsaktivitetar. Den er mellom anna alt for liten for handball og for innandørs fotballtrening, noko som medfører at mange fotballag til og med ned i småskulen reiser til Knarvik for å trenast i vinterhalvåret. Bygget fekk nytt sportsdekke i fjor, men det har ikkje endra på kjensgjerninga at kommunen har eit bygg som ikkje er tenleg i høve målsettinga om å stimulera til idrett og fysisk aktivitet for alle.

Mange barn på Ostereidet sluttar med aktivt idrettsliv alt for tidleg, mellom anna på grunn av at dei eller familien ikkje orkar reiseavstanden til hallen i Knarvik på kveldstid.

Utan ein skikkeleg fleirbrukshall på Ostereidet er det difor vanskeleg å oppnå målsettinga om idrett og fysisk aktivitet for alle i vår del av kommunen. Ein vil vise til at dei andre oppvekstområda med ungdomskular, både Knarvik og tettstaden Lindås har flotte fleirbrukshallar, og at ein i tillegg planlegg fleirbrukshall nr. to ved Knarvik barneskule. I Leiknes krins byggjer kommunen storstove med idrettshall i. Etter vår vurdering er det både rett og klokt å leggje inn ein ny strategi som skal sikra at hovudmålsettinga om at alle i kommunen, uavhengig av kor folk bur, skal kunna driva med idrett og fysisk aktivitet. Me føreslår difor at følgjande tillegg/ endring kjem inn i strategiformulering i endeleg plandokument:

A: Det skal i planperioden vera **fokus** på å vidareutvikla Knarvik som regionsenter for idrett og aktivitet, **og at alle lokalsentra i Lindås får utvikla gode og likeverdige tilbod for idrett og hallaktivitet.**

Me meiner at Knarvik ikkje skal vera i hovudfokus, fordi heile kommunen skal ha fokus! Bygdelaget ber om at planen i tillegg vert endra på side 31 under handlingsprogram anlegg, sidan dette er ei prioritert liste over anlegg som skal byggjast i 4 årsperioden. Me ber om at fleirbrukshall på Ostereidet vert løfta inn her som prioritert anlegg på 2.plass på følgjande måte:

Prioritet	Tiltak	Oppstart	Kostnad	17	18	19	20	Spelemidlar	Kommentar
2	Fleirbrukshall utvida Ostereidet med ¼ storleik for eigenorganisert aktivitet+klatrevegg	2018	50.000.000		25.000.000	25.000.000		10.000.000+ 4.000.000	Gir rom for fleire parallelle aktivitetar

Venleg helsing

Ola R. Jordal

Leiar i Ostereidet Bygdelag